

Årsmelding 2022

Sula sokn



DEN NORSKE KYRKJA
Sula sokn

Dette dokumentet er ei årsmelding for arbeidet i Sula sokn i 2022. Meldinga er utarbeida for Sula sokneråd, og leggjast fram ved kyrkjelydsmøtet i Sula sokn til vitande.

Årsmeldinga søker å gje ei oversikt over aktiviteten i året som har gått, ei framstilling av den økonomiske situasjonen slik den er kjend no, og å seie litt om planane framover. Årsrekneskapen vert endeleg handsama av soknerådet.



Jan Erik Hovland
Kyrkjeverje
Sula sokn


Innhald

06	SOKNERÅDET
08	UNDERUTVAL
09	TILSETTE
12	STATISTIKK OG NØKKELTAL
14	KYRKJEBYGG & KYRKJEGARDAR
17	DIAKONI
21	GUDSTENESTER
22	TRUSOPPLÆRING
26	KYRKJEMUSIKK
28	ØKONOMI

Tru

**For av nåde er de frelste, ved tru.
Det er ikkje dykkar eige verk, det
er Guds gâve.**

Efesarane 8,2



Soknerådet

Sula sokn

Soknerådet har i 2022 bestått av desse medlemmane:

Mari Kristin Blindheim, Lisbeth Båtnes Hareide, Olav Hoff, Stine Margrethe Lerheim, Oddmund Jens Måseide, Anne-Berit Salen, Toril Petrine Solevåg, Øyvind Kåre Sunde. Soknepresten i Sula er fast medlem av rådet, med prosten i Nordre Sunnmøre prosti som personleg vara.

Vararepresentantar (i prioritert rekkefølgje):

Abraham Heggvik, Rolf Idar Fagervoll, Hege Sonja Tusvik Fiskerstrand, Jarle Sæterstøl.

Kommunestyret sin representant etter kyrkjelova er Annbjørg Skår Jarnes, med Jan Magnar Sandvik som personleg vara.

Toril Petrine Solevåg vart vald til leiar i soknerådet for 2022, og Øyvind Kåre Sunde nestleiar.

Møter

i soknerådet

Soknerådet har i 2022 hatt 6 møter og har handsama 52 saker. I 2022 vart det ikkje halden årleg soknemøte som følgje av langtidssjukemeldingane. Årsmeldingane for både 2021 og 2022 vert difor lagt fram for soknemøtet 16.04 2023.

Likestilling

i soknerådet

Soknerådet har som mål å arbeide aktivt for å fremja likestilling og hindre diskriminering.

I soknerådet som styrande organ er det 10 faste medlemmar (9 folkevalde, der ein er utnemnt bland politikarane i kommunestyret).

Av dei faste medlemmane er det 4 menn og 6 kvinner.

Det er 4 menn og 3 kvinner tilsett i verksemda. Ei av kvinnene har deltidsstilling.

Underutval

Sula sokneråd

- *Administrasjonsutval*
- *Arbeidsutval*
- *Forhandlingsutval*
- *Diakoniutval*
- *Barne- og familieutval*
- *Gudsteneste- og kulturutval*
- *Kyrkje- og kyrkjegardsutval*
- *Estetisk utval*
- *Planutval for kyrkjelydssenter*
- *I tillegg har soknerådet representanter i Kirkens Nødhjelp (June Skodje Skaar), Kirkens SOS (Lisbeth Båtnes Hareide) og Kirkens bymisjon, Møre (Anne-Berit Salen).*

I 2022 har det vore liten eller ingen aktivitet hos dei fleste av desse utvala.

Årsverk

Sula sokneråd

Soknerådet har ansvar for 7 stillingar fordelt på 6,8 årsverk. I tillegg er det 2 prestar fordelt på 1,8 årsverk som gjer teneste i soknet. Desse er tilsett av Møre bispedømme for teneste i Nordre Sunnmøre prosti.

Kyrkja sin stab

Sula sokn

Ved utgangen av 2022 gjer desse teneste i

Sula kyrkjelyd:

<i>Sokneprest</i>	-	<i>Anders Barstad</i>
<i>Kapellan</i>	-	<i>Kirsti Evensen Bjåstad</i>
<i>Kyrkjetenar</i>	-	<i>Odd Ivar Bjåstad</i>
<i>Kantor</i>	-	<i>Håvard Sveås</i>
<i>Organist (25%)</i>	-	<i>Geir Harald Eikrem</i>
<i>Kyrkjelydspedagog (75%)</i>	-	<i>Geir Harald Eikrem</i>
<i>Kyrkjelydspd. vikar (60%)</i>	-	<i>Therese Brungot</i>
<i>Kateket</i>	-	<i>Barbro Godø Thomassen</i>
<i>Konsulent (80%)</i>	-	<i>Monica Blom-Welle Eikrem</i>
<i>Diakon*</i>	-	<i>Ingvild Snipsøyri</i>
<i>Kyrkjeverje</i>	-	<i>Jan Erik Hovland</i>

* Delt finansiering. 50 % via rammetilskot frå Sula kommune, og 50 % finansiert gjennom tilskot frå Den norske kyrkja (Kirkerådet, sentralt ledd). Sula kommune har ansvar for praktisk drift av gravplassane, medan soknerådet er lokal gravplassmyndighet.

Det har vore store vakansar i året som har gått, med lengre sjukemeldingar i opptil 5 stillingar. Det har vore inne nokre vikarar, men aktiviteten har blitt redusert som følge av dette.

I mars fekk vi ny sokneprest, då Anders Barstad starta i stillinga etter at Anders Grytten skifta beite til nabosoknet Spjelkavik. Kyrkjetenar Amy Lee Sode Hansen sa opp stillinga si i september, og i november vart Odd Bjåstad tilsett i stillinga. Han hadde då vore vikar sidan februar som kyrkjelydspedagog. Geir Harald Eikrem søkte om permisjon frå mars 2023 og vi ansatte Therese Brungot i vikarstilling som kyrkjelydspedagog i 60% frå desember til juni.




Foto: kyrkjeverje Jan Erik Hovland

Håp

Må håpets Gud fylle dere med all glede og fred i troen, så dere kan bli rike på håp ved Den hellige ånds kraft.

Romarane 15,13

Statistikk

2022

NØKKELTAL	2018	2019	2020	2021	2022
Døypte born i alt	68	58	54	63	65
Vigsler	9	11	9	10	7
Gravferder	49	60	68	69	62
Saker i soknerådet	53	57	45	51	52
Gudstenester i alt	86	99	65	83	91
Gj, snitt gudst. del-taking	150	120	66	61	105
Totalt deltagarar gudst.	12954	11916	4298	5039	9621
Gudsteneste m/nattverd	46	59	38	28	52
Totalt deltaking nattverd	4634	2629	1438	810	1910
Snitt-tal natteverd	101	45	38	29	37
Konfirmantar	82	98	88	96	97
Skulegudst. i kyrkjene	8	6	0	0	5
Klassebesøk i kyrkjene	3	3	3	2	5
Barnehagebes. i kyrkjene	13	14	15	6	13
Besøk i barnehage	2	3	0	1	0
Besøk i skuleklasse	1	5	0	0	0

Kyrkjebygg og kyrkjegardar

I kyrkjebygga og på kyrkjegardane har vi arbeida med desse prosjekta i 2022.

Det har vore mindre arbeid i kyrkjene enn planlagt på grunn av sjukefråvær. I kyrkjebygga og på kyrkjegardane har vi arbeida med desse prosjekta i 2022.


Det har vore kontroll for Asbest på bygga våre. Det vart avdekkta Asbest to plassar, og det vart handtert etter gjeldande føresegner.

Dugnadsgjengen «Venner av Langevåg kyrkje» held fram med det flotte arbeidet sitt på kapellet. Det har mest vore grunnarbeid rundt kapellet og førebuing til nytt toalett.

Indre Sula kyrkje

To av sidene av kyrkja vart malt i sommar. Dei to andre vert tatt forsommaren 2023.

Indre Sula kyrkjegard er ferdigstilt, med unntak av namna minnelund, der felles minnesmerke ikkje er framstilt enno. Arbeidet held fram i 2023. Kommunen har også lova ferdigstilling av ny parkeringsplass og veg i 2023.



Bilde over: Dei flotte kyrkjene i Sula sokn. Foto: Odd Bjåstad Til venstre: Langevåg kyrkje i vinterdrakt. Lukene i kyrkjetårnet er opne og det skal snart ringast inn til gudsteneste. Til høgre, nedst: Arbeidskyrkja vår på Indre Sula - ein kald vinterdag. Flagget er heist i flaggstanga og det er snart klart for gudsteneste. Bilde under: Kapellet i Langevåg, kyrkja og kyrkjegarden på Indre Sula Foto: Odd Bjåstad og Jan Erik Hovland - Ved kapellet i Langevåg med Ståle Vegsund i spissen driv dugnadsgjengen "Venner av Langevåg kyrkje" med ein formidabel innsats for å få kapellet tilbake til sine glansdagar. Indre Sula kyrkje har fått to gode strok med ny maling. Arbeidet blir ferdigstilt sommaren 2023. Indre Sula kyrkjegard - nyrenovert kyrkjegard - fin og verdig.



Kjærleik

Eit nytt bod gjev eg dykk: De skal elska kvarandre. Som eg har elska dykk, skal de elska kvarandre.

Johannes 13,34



Diakoni

«Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd»
(Plan for diakoni, 2007)

Diakoniarbeidet vert gjennom plan for diakoni delt inn i fire satsingsområde som vi utarbeidar lokale planar for og har som hovudmål for arbeidet vårt i Sula kyrkjelyd. Diakoni er grunnlaget for det meste av aktiviteten vi driv i kyrkja.

Nestekjærleik

Vi har hatt institusjonsandakt kvar torsdag på Sulatunet og annan kvar torsdag på Dagsenteret for eldre og Erindringsenteret. Dette er eit samarbeid mellom staben og pastor i frikyrkja etter ein oppsett turnus. 2.påskedag og 2.juledag vart det halde gudsteneste på Sulatunet. Dette er viktige diakonale tilbod og vi er glade for eit godt samarbeid med institusjonane i kommunen.

Vi hadde Minnegudsteneste i Langevåg kyrkje 2.juledag. Dette er ei gudsteneste der diakoni står sentralt, med diakoniutvalet som arrangørar og der dei deltek aktivt i gudstenesta. Her får vi gjennom ord og tonar minnes dei i kyrkjelyden vår som har gått bort det siste året.

Kyrkja er også representert i tværfaglege samarbeid med ulike kommunale instansar. Diakon og sokneprest er kyrkja sine representantar i den kommunale kriseleninga og kommunen sitt psykososiale kriseteam. Andre kommunale samarbeid som kyrkja har vore ein del av har i 2022 ikkje vore i aktivitet.

Inkluderande fellesskap

Kyrkja har fleire tiltak for inkluderande fellesskap for ulike grupper.

- Kyrkjeklubben er ei tilrettelagt samling for menneske med ulike funksjonsnedsettingar, og dei har samling ca. ein gong i månaden i Langevåg kyrkje.
Språkkafe' på biblioteket som er eit tilbod til innvandrarar som ynskjer å bli integrert og lære betre norsk. Dette er eit samarbeid mellom kyrkja, biblioteket og Langevåg Røde kors. Språkkafe' vart på grunn av smittevern ikkje starta opp våren 2022, men vi er glade for at dette kom i gang igjen etter pandemien hausten 2022. Samlingane er ca. 1 gong i månaden på biblioteket og er eit godt integreringstiltak i Sula.

- Kyrkjekaffi ynskjer vi å ha etter alle vanlege gudstenester. Det er frivillige medarbeidarar i kyrkjelyden som har ansvar for dette etter oppsett turnus. Dette er eit viktig diakonalt tiltak for å skape fellesskap knytt til gudstenestene våre.

Fellesskap for born og unge som babysong og barnekor har vore populære aktivitetar. Vi hadde ei gruppe med babysong våren 2022, men pga. kapasitet og vakansar i staben vart det ikkje starta opp gruppe på hausten. Dette er eit viktig fellesskap som vi ynskjer å kunne tilby. Barnekoret er eit stort arbeid som diakon er involvert i, og ved nyttår var det ca. 50 barn innmelde i Blessing og ca. 15 tweens i BigBless.

Vern om skaparverket og kampen for rettferd


Misjonsprosjektet vårt i Sula kyrkjelyd er kyrkjelydsplanting og bygging av to kyrkjer i Saku og Mustame i Estland. Kyrkjelyden vår har i 2022 gjennom ofringar på gudstenester, misjonsforeininga Ester og privat givarteneste samla inn 30 921 kr til misjonsprosjektet.

Kirkens nødhjelp sin fasteaksjon er eit anna stort diakonalt tiltak i kyrkjelyden vår. Her er ein med å gjere ein forskjell for dei som har minst. Arbeidet med at fleire skal få tilgang på rent vatn har dei siste åra vore satsingsområdet for Fasteaksjonen. I år kunne vi endeleg etter pandemien igjen gjennomføre ein vanleg dør-til-dør -aksjon. I 2022 sprengde vi alle rekordar og samla inn 129 430 kr til årets aksjon gjennom dør-til-dør-aksjon, gudstenesteoffer, vippes og facebook. Dette er eit kjempebra resultat som vi aldri før har vore i nærleiken av. Tusen takk til alle som var med å gjere dette mogeleg.

Diakoniutval og framtidsplanar

Diakoniutvalet i Sula sokn består av Lisbeth Båtnes Hareide (leiar), Heidi Vold, Jorid Strømland, Rigmor Matvik, Toril Petrine Solevåg, Oddmund Måseide og Olav Hoff. Frå staben er diakon Ingvild Snipsøy med i utvalet.



Utvælet ynskjer at vi i 2023 kan legge til rette for at fleire kan få moglegheit til å samlast i kyrkjene våre igjen. Utvælet ynskjer å drive det diakonale arbeidet framover og kanskje skape nye arenaer for ulike fellesskap i kyrkjelyden vår. Visjonane for framtida er at vi ynskjer at kyrkja på Sula skal vere ein plass for alle med ulike typar arrangement og fellesskap. Vi vil at kyrkja vår skal vere ein plass med rom for alle og at vi kan vere synlege i lokalsamfunn gjennom nye arrangement og ulike samarbeid med lokale forreiningar og organisasjonar.



Bilde over til venstre: **Morgenbøn:** Langevåg kyrkje er rigga til morgenbøn - kvar tirsdag møter staben til morgenbøn - ei fin og god samling om evangelietekstar, refleksjon, salmesong og bøn. Til høgre, øvst: Utsnitt av maleri som heng bakerst i Indre Sula kyrkje. **Bilde under:** Til venstre: Før jul kjem alle barnehagane på julevandring i kyrkjene våre. På førehånd har dei laga nydelege englar i alle variantar og storleikar som vi kan få pynte kyrkjene med til jul. Det er så koseleg å sjå alle dei flotte og kreative englane som blir skapt av små barnehender. Foto: Odd Bjåstad



Bilde over: Vigslingsgudsteneste for den nye soknepresten Anders Barstad i 2022. Til venstre: velsigning av den nye soknepresten under vigslingsgudstenesta i Langevåg kyrkje. Til høgre, øvst: Nattverdsø. Til høgre, nedst: Oppstilling etter vigslings gudstenesta. **Bilde under:** Til venstre: Sokneprest Anders Grytten takka av etter over 20 år i teneste i Sula kyrkjelyd - vi ynskjer han alt godt i Spjelkavik. Til venstre: Ei lita jente vart døypt av nye soknepresten Anders Barstad. Foto: Jan Erik H



Gudsteneste

2022 blei heldigvis eit betre år enn 2021. Eg starta i jobben i mars, og da var vi lite prega av korona og smittevern.

Gudstenestene i løpet av året blei stort sett gjennomført som planlagt, men pandemien gjorde at der var litt færre gudstenester enn i 2019, som er sist vi hadde eit nokon lunde normalt år. Det bidrog også at vi hadde litt færre til gudsteneste enn i 2019. Samstundes ser vi at oppslutninga om kvar gudsteneste også har gått litt ned, men dette er for heile året. Vi har ikke god statistikk på månad, men vi trur at oppslutninga er i ferd med å auke.


Det kjem til å vere viktig framover, å jobbe med å gjere gudstenestene gode og tilgjengelege. I 2023 håper vi at kyrkjelyden kjem til å merke, at vi er tydelegare på kva dei ulike gudstenestene har som tema. Soknerådet vedtok også i 2022 at vi skal arrangere regnbogemesse i Sula for første gong. Vi legg vekt på, at dette skal vere ei messe som feirar mangfaldet i samfunnet, både LHBT+-rørsla, men også at alle som ønsker det, skal vere ein naturleg del av kyrkjelyden.

Vi er glade for at dåpstalla er litt auka i forhold til i fjor, og også ein del høgare enn 2019. Vi trur at dåpstalet ikkje går ned, heller noko opp, men det er litt tidleg å seie noko konkret om.

Når det gjeld arbeidet dei frivillige gjer, ser vi at arbeidet ikkje er på høgde med det det var før pandemien. Vi arbeider målvite med å styrke dette arbeidet, som både er ein umåteleg viktig ressurs i kyrkjelyden, og også eit godt tilbod til dei som deltek.

Sokneprest Anders Barstad

Trusopplæring



Bilde over: Trusopplæring i mange formar - Til venstre: Søndagsskulen er i full gang med å sjå kva skattekista inneheld i Indre Sula kyrkje. Øvst til høgre: Blessing syng på 'Gla dag', Indre Sula sommaren 2022. Bilde under venstre: Søndagsskulen med skattekista samlar med seg born på veg ned til samling i kyrkjekjellaren i Langevåg kyrkje. Bilde under høgre: Kyrkjelydspedagog og dirigent for Blessing og BigBless, Geir Harald Eikrem, riggar kyrkja klar til koropptreden.

Foto: Jan Erik Hovland

I 2022 var vi endeleg ute av pandemien, og truopplæringstiltaka kunne starte opp igjen for fullt. Dessverre vart deler av året prega av sjukmeldingar på fleire i staben, særleg i perioden mars-juni då både kyrkjelydspedagog, kateket og diakon var heilt eller delvis sjukmeldt samtidig. Heldigvis fekk vi likevel gjennomført mesteparten av tiltaka, både gjennom eksterne vikarar og at andre i staben tok over nokre av oppgåvene.

På våren gjennomførte vi 1.klassesamling og gudstenester som vanleg. Bortsett frå dette måtte vi avlyse både Mesternes Mester og Tidsreisa på grunn av sjukmeldingane.

Elles fekk vi gjennomført Tårnagenthelg i mai, og her var det rundt 35 barn påmeldt. Veldig kjekt.

Etter sommaren har vi hatt eit ganske normalt trusopplæringsår. Klar!Ferdig!Gå! var nok ein gang ein stor suksess, og har blitt eit flott arrangement der vi får vist fram litt av breidda av kyrkjelyden. Flott at både mange tilsette og frivillige er i sving her; det er vel det nærmeste vi kjem ein kyrkjelydens dag gjennom året. Både Blessing og BigBless var involvert, og det var 24 - 5-åringar og 27 - 2.klassingar tilstades, i tillegg til mange andre barn og vaksne.

I slutten av oktober hadde vi to 4-årssamlingar og ei 4-årsgudstene. Vanlegvis har vi hatt 2 gudstenester også, men på grunn av bemanningssituasjonen gjorde vi det slik i år.

I november hadde vi 2 samlingar og 1 gudstene for 4.klassingane, og så kunne vi endeleg gjennomføre ei heilt vanleg LysVaken-helg igjen - med overnatting; etter både avlyste og tilpassa LysVaken-arrangement under Covid-19.

Generelt kan vi sjå ein liten tendens til fallande påmelding på tiltaka våre etter pandemien (med unntak av Tårnagenthelg). Dette kan vere ein konsekvens av sjølve pandemien, men vi veit ikkje det med sikkerheit. Kanskje må vi berre verte endå flinkare til å reklamere og tilkjennegjere tilboda våre i dei kanalane vi har?

Korarbeid

Blessing og BigBless har hatt eit flott år. Dei vart sjølvsgatt også råka av sjukmeldinga til kyrkjelydspedagogen og diakonen i vårhavlvåret, men fekk likevel gjennomført ein del øvingar med Lars Håvard Eikrem og Mari Blindheim som primus motorar; vi er veldig glad for at det ikkje rakna etter eit par labre år under pandemien.

Siste del av våren/starten av sommaren 2022 opptredde både Blessing og BigBless på Gla-dagane på Indre og på Langevågsdagane før det vart sommarferie.

Hausten 2022 kom det mange nye 2.klassingar, og det var jamt over mellom 35 og 40 stykker på Blessingøvingane og mellom 10 og 15 på BigBless-øvingane! Det vil seie at vi har mellom 50 og 60 barn med i korarbeidet, noko som vi må seie oss veldig fornøgd med. Det er også ei god foreldregruppe som stiller opp når det trengs, noko som sjølvsgatt er viktig med så mange barn.

2023 blir eit stort år for kora, sidan det er 10-årsjubileum. Vi planlegg derfor ein stor jubileumskonsert søndag 4.juni i Langevåg kyrkje, og du er hjarteleg velkommen til å komme!

Konfirmantarbeidet

Våren 2022 vart 100 - 9.klassingar konfirmerte. Av nytt 9.klassekull meldte 80 seg til konfirmasjon våren 2023, med oppstart i august. Dei kunne velje mellom å vere leir-, gruppe- eller medleeder-konfirmant.

På leir i haust hadde vi med 43 og 7 ungdomsleiarar, 3 frå 10.klasse og resten på videregåande trinn. Dei hadde to samlingar før leir. Ein kjempefrott gjeng å reise på leir med! Av dei ansatte var Anders Barstad, Geir Harald Eikrem, Lars Håvard Eikrem og Barbro Godø Thomassen med. Vi var denne hausten med på Nattcup i Sparebanken Møre Arena, i lag med fleire av kyrkjelydane i Ålesund kommune. Dette gjekk veldig bra, og var kjekt for konfirmantane å vere med på.

Ellers håper vi at kjelleren på indre vert oppgradert slik at det blir koseligare å ha samlingar der, til dømes for ungdommane. Vi ser også at eit kyrkjelydssenter i Langevåg hadde gjort arbeidet med konfirmantar mykje lettare og meir variert.

Bilder til høgre - Konfirmantane har arbeida med bilde og bibeltekstar. Foto: Barbro G. Thomassen

Skule og barnehagar - kyrkjesamarbeid

Våren 2022 vart det ikkje arrangert påskevandring pga. sjukmeldingar i staben. Før jul gjennomførte vi julevandringar for forskuleborna, og endelig også gudstenester for alle barnehagane etter pandemien. Barnehagane lagar englar som vi pynter kyrkjene med til jul.

Siste skuleveka var alle skulane på julegudsteneste. Nytt med dette var at nokre skular ikkje ønska siste skuledag for gudsteneste. Difor set vi no av dei to siste skuedagane til dette. Elles har vi hatt nokre besøk av skuleklasser i kyrkjene, både i Indre Sula og i Langevåg. Samarbeidet med både skule og barnehagar er veldig godt.

Søndagsskulen

Søndagsskolen møttes ganske jevnt på våren, med nokre alternative helger (utflukter = gapahuk, grilling osv.) Nokre søndager deltok søndagsskolen i gudstjenestene. Vi lagde sommerbilde på siste samling som vi hang opp i kirka, og vi hadde søndagsskuleavslutning med grilling, kaker, kos og leik i juni. Hovedleiarane Astrid Blindheim og Karen Marie Hovland takka for seg i sommar, og etter det har søndagsskulen lagt nede. Det har vist seg vanskelig å få med barnefamiliar på gudsteneste og søndagsskule. Sjukmeldingar i staben har gjort det vanskelig å fylle rollene til leiarane. Det arbeidast for å få igang eit alternativt søndagsskuleopplegg i 2023.

Babysong

Babysong hadde samlingar frå veke 3 og fram til juni i Indre Sula kyrkje. Kyrkjetenar Amy Sode Hansen ver leiar.



Kyrkjemusikk

I februar 2022 slapp endeleg koronarestriksjonane oppatt, og det har vore ei glede å kunne samlast med høve til å synge av full hals og vere saman om ein litt meir normal situasjon også når det gjeld musikk i kyrkja.

Musikalsk messe

Det har vore musikalske messer med mellom anna "Voxing", damekoret "Piker, vin og sang", songar frå bedehusland, orgelimprovisasjon på langfredag og klassisk pianomusikk ved Sarah Helene Sveås. Kjekt å sjå at folk framleis støttar opp om desse gudstenestene, og at konseptet ser ut til å stå seg godt sjølv etter at eine halvparten av grunnleggjarane (tidlegare sokneprest Anders Grytten) har sluttat.

Konsertar

Også i 2022 har det vore ei rekke konsertar i kyrkjene med ulike aktørar. Scala Brio og Musikklaget Ekko er i gang igjen med sine julenattinéar, Wenche Myhre med fleire heldt julekonsert og kulturskulen har hatt både pianokonsert og julekonserten "Stjernesimmer" i løpet av året, for å nemne nokre.

Matpakkekonsert

"Matpakkekonserten" var ei stor nyvinning i 2022. I alt blei det arrangert 8 slike i løpet av året, og ved hjelp av litt støttemidlar frå bispedømet og kollekt frå tilhøyrarane har det vore eit variert program: Underteikna opna åleine med ønskekonsert frå salmeskatten i mars, Jostein Maude var med og varta opp med vårsongar i april, Runar Tafjord briljerte med sitt fantastiske hornspel i mai før Casper Blomvik avlutta vårsesongen med mellom anna Debussy og Chopin og kantoren i bygda spelte mellom anna Boellmann på Rieger-orgelet i juni. Hausten starta med songar om nåde i august, heldt fram med fiolin og piano når Ove Kvangarsnes var på besøk i Langevåg kyrkje i september.



Bilder: Glimt frå Matpakkekonsert i 2022:
Øvst til venstre: Runar Tafjord briljerte med sitt fantastiske hornspel. Bilde øvst til høgre: Under matpakkekonsertane serverar vi kaffi, saft og vatn.
Ta med di eiga matpakke eller kom utan.
Gratis inngang/kollekt. Bilde nedst: Casper Blomvik avlutta vårsesongen med mellom anna Debussy og Chopin.
Foto: Håvard Sveås

I oktober vart det trompet og piano då Tom Gontier spelte i Indre Sula, før noverande kantor og gamlekantor Askjell Molvær spelte adventssalmar i november. Konsertane har vore godt besøk med mellom 20 og 60 tilstades, og er eit konsept vi held fram med no i 2023. Det er berikande med variert og fint musikalsk besøk for både folk i salen og underteikna, slik at alt arbeidet med desse konsertane er klart verdt innsatsen!

Elles er kantoren involvert i andaktene på eldreinstitusjonane, Syng med oss og sangstunder på Molvær senter, og i gravferder, vigslar og gudstenester i soknet i tillegg til at han har ein orgelelev i stillinga si.

I tillegg må også her nemnast barnekora Blessing og Big Bless under leiing av Geir Harald Eikrem, meir om dette under trusopplæring. Og til sist Sula trad band som nok ein gong gledde Sulafolket i gudstenesta 1. juledag.

Kantor Håvard Sveås

Økonomi

Rekneskapen er ført og avstemt av økonomiavdelinga i kommunen, og vert fastsatt i soknerådet

Resultat

Driftsregnskapet er avslutta med eit mindreforbruk på kr. 461.000,-.

Investeringsregnskapet er avslutta med eit udisponert beløp på kr. 176.000,-.

Kommunen sitt tilskot

Drift

Kommuna sitt tilskot til fellesrådets drift er kr 4.710.000.

Tilskotet dekker drift av den lokale kyrke- og kyrkjegardar i kommunen. Fellesrådet bestemmer korleis midlane skal brukast, men for det aktuelle året vart kr. 210.000 øyremerka maling av Indre Sula kyrkje.

Det er vidare inngått avtale om tenesteyting med Sula kommune som dekker drifts oppgåver på:

Merkantile oppgåver og leie av kontorlokale: kr 120.000.

Drift/vedlikehald kyrkjebygg: kr 104.000.

Gravplass: kr 725.000.

Til saman kr 949.000

Investering

Sula kommune har løyvd kr 500.000 til investeringar. Det er bokført investeringsutgifter i 2022 på kr 402.000. Dette består av:

- Langevåg kapell: kr 60.000
- Kontormøblement: kr 342.500

Udisponert beløp på kr. 97.500 vert satt av til ubunden investeringsfond til bruk i investeringar i 2023.



Bilder: Indre Sula kyrkjegard, renoveret:
Øvst til venstre: Inngangen til kyrkjegarden med smijernsporten og flott beplanting.
Til venstre skimtar ein det flotte nye driftsbygget. Til høgre og nedst til venstre:
Namna minnelund feltet med oppmura trapp, platå, beplanting og benk. Her er det plass til 250 minneplater - når minnemonumenta kjem på plass etterkvart.
Foto: Jan Erik Hovland

Kyrkjeverja si kommentar til rekneskapen:

Rekneskapen frå 2022 visar eit mindreforbruk på over 450.000. Det er ei glede, men også ei sorg. Det er fordi hovudårsaka til at resultatet vart slik ligg i vakansane i staben og tilsvarande redusert aktivitet. Det er heldigvis slik at dei fleste er tilbake i full stilling no, og vi ser fram mot eit 2023 med mykje aktivitet i kyrkjene våre.

Overskotet vil hovudsakleg bli brukt til å dekke meirforbruket i 2021

Vi har også hatt glede av inntekter frå finansielt resultat frå kraftleverandøren, som har koment til fråtrekk på straumrekninga.

Dette vil ikkje halde fram i same grad framover, då regjeringa har vedteken høgre moms hos kraftselskapene. Straumutgiftene vil difor bli høgre i 2023 enn i 2022. Vi arbeider med å finne løysingar for korleis vi kan bli meir driftseffektive på dette området.



Bilde over: Tellekorps etter KN-aksjonen i 2022 - Det er mykje kontantar som må tellast opp etter at konfirmantar og frivillige har gjort ein strålende innsats som bøssebererarar rundt om på heile Sula. I 2022 vart det rekordår i høve innsamlinga og det vart samla inn heile 129.430,- totalt med kontant, vipps, og facebookinnsamling.

Ikkje alle investeringsprosjekta som var planlagt i 2022 blei gjennomført. Dette skyldast i hovudsak redusert kapasitet i staben. Soknerådet vil sjå på ei vidare prioritering og forskyving av planane framover.

Vi har ei stram driftsramme i tilskotet frå kommunen, og det er varsle ytterlegare kutt i løpet av 2023. Soknet har tatt kutt dei siste åra på om lag 100.000,-, medan faste utgifter har auka med om lag 300.000,-. Det er få plassar i drifta det er mogleg å gjere slike innsparinger, om ein vil skjerma stillingsheimlane. Heldigvis ser vi nokre moglegheiter for meir effektiv drift av kyrkjene, og det er eit prosjekt på gang som har som mål å realisere dette.

Soknerådet og staben vil i lag arbeide med å finne løysingar for meir effektiv drift framover. Vi håpar dette ikkje vil føre til redusert tilbod til kyrkjelyden og folka på Sula.

Jan Erik Hovland
Kyrkjeverje
Sula sokn



Årsmelding Sula sokn
2022